

ÅRSMELDING 2006

Trygderetten



Trygderetten har fem sentrale verdier

Rettstryggleik

Effektivitet

Informasjon

Samhandling

Evaluering

Trygderetten er ein organisasjon i utvikling. Vi leitar etter forbetringar og endrar oss i takt med behova til brukarane og samfunnet.

Nokre ord om kvar einskild av verdiane:

• **Rettstryggleik**

Dette er Trygderetten sin kjerneverdi og grunnen til at institusjonen vart oppretta i 1967. Det skal fattast materielt riktige avgjerder, og saksbehandlinga skal følge gjeldande reglar. Målsetjingane om grunngeving vert utleia av denne verdien.

• **Effektivitet**

Sakene skal avgjerast innan rimeleg tid, dette er også ein del av rettstryggleiken, og arbeidet skal gjerast på ein kostnadseffektiv måte.

• **Informasjon**


Verksemda og avgjerdene skal gjerast kjent for partane og ålmenta på ein god måte. Trygderetten skal vere tilgjengeleg og gje tilfredsstillande service til publikum.

• **Samhandling**

Trygderetten skal ivareta og vidareutvikle ein kultur bygd på at vi alle arbeider for å nå retten sine mål. Vi skal dele på erfaringar og kunnskap for å nå desse.

• **Evaluering**

Trygderetten skal følge med og lære av eigen praksis og gjere løpande vurderingar av eiga verksemd med sikte på forbetringar.



Innhold:

1. Melding for 2006 frå Trygderetten sin leiar	4
2. Organisasjon	6
3. Formål og hovudprioriteringar	7
4. Saksutvikling i 2006	8
4.1 Mottekne og behandla saker	8
4.2 Oversyn over sakstypar i 2006	10
4.3 Avgjorte saker fordelt på fullt grunngitte orskurdar og orskurdar med forenkla grunngjeving	11
4.4 Resultatet av ankebehandlinga	12
5. Måloppnåing i 2006	13
5.1 Kvalitetsmål	13
5.2 Produksjonsmål	14
5.3 Helse, miljø og tryggleik og annan personalpolitikk	15
5.3 Informasjon	15
6. Likestilling	16
7. Blikk på saksbunken	17
8. Perspektiv framover	27
9. Økonomi/ rekneskap	28
Kommentarar til rekneskapen for 2006	29

1. Melding for 2006 frå Trygderetten sin leiar

Frå 2005 til 2006 har saksinngangen til Trygderetten helde seg stabil. I 2006 vart det registrert inn 4054 saker, mot 4121 saker i 2005. Dette er ei mindre svinging enn det som har vore normalt i Trygderetten si historie. Den største leverandøren av våre saker, NAV, går for tida igjennom ein stor og krevjande omstillingsprosess. Men vårt hovudinntrykk er at denne omstillingsprosessen ikkje på nokon avgjerande måte har virka inn på etaten si evne til å få ankesakene unna.

Over nokre år har det likevel vore eit monaleg fall i talet på innkomne saker. I 2003 kom det inn nesten 6000 saker. Viss ein held uføresakene utanfor, har saksmengda helde seg nokolunde konstant på heile 2000-talet. Så å seie heile reduksjonen dei siste åra skuldast eit fall i talet på uføresaker. Dette kan i nokon grad ha samanheng med innføringa av tidsavgrensa uførestønad. Men det er grunn til å tru at ei hovudforklaring ligg i den moglegheiten som vart etablert i kjølvatnet av denne ordninga, til generelt å få prøvd avslag på uføreytingar i ein klageinstans innanfor etaten før den når Trygderetten. Det er rimeleg å tru at ein god del vil slå seg til ro etter at saka har blitt prøvd på nytt, sjølv om utfallet framleis vart avslag.

Talet på avgjorte saker i 2006 var 4301. Dette representerer ein viss nedgang frå 2005, då talet på avgjorte saker utgjorde 4617. Det skuldast i det alt vesentlege ein reduksjon i talet på tilsette i løpet av året.

Også i åra 2004 og 2005 fall talet på avgjorte saker. Moglege faktorar som kan ha påverka dette er at kompleksiteten i sakene kan ha auka. Ein indikasjon på dette er at gjennomsnittleg tal dokument i uføresakene har auka med om

lag 50 prosent i løpet av eit par år. Utvidinga av klagemoglegheiten i etaten kan vidare ha bidrege til å sile ut dei mest opplagte sakene, og dermed dei enklaste. Ytterlegare ein faktor er at talet på fullt grunngitte orskurdar har auka monaleg. Dei utgjer no 61 prosent av alle orskurdane, mot 28 prosent i 2002 og 42 prosent i 2003. Dette har vore svar på ein kritikk Trygderetten har blitt utsatt for frå ulike hald. Men det har også ei kostnadsside. Sjølv om det også i saker med forenkla orskurdar vert gitt ei viss grunngeving, vil dei normalt vere mindre ressurskrevjande å behandle.

Restanseutviklinga har vore svært positiv dei seinare åra. Summen av inngang og produksjon medfører at talet på uavgjorte saker redusert med noko over 200 saker i 2006, og utgjer 1185 saker pr. 31.12.2006. Restansetalet er dermed omtrent halvert frå 2003.


Også saksbehandlingstida har blitt monaleg redusert. I 2006 var den gjennomsnittlege tida det tok frå saka vart registrert inn til ho vart avgjort 4 månader, mot 4,8 månader i 2005 og 5,2 månader i 2004. Saksbehandlingstida har altså gått ned med om lag 5 veker, eller om lag 25 prosent, i løpet av eit par år. Samstundes vart 79 prosent av sakene avgjort innan seks månader, mot 70 prosent i 2005 og 63 prosent i 2004.

Alt i alt har Trygderetten i all hovudsak makta å oppfylle dei effektivitetsmål som var stilt for verksemda i 2006, og på sentrale punkt overoppfylle dei. Det er det grunn til å vere nøgd med.

Trygderetten har i 2006 helde fram med sitt arbeid med å auke kvaliteten på avgjerdene. Det er opp gjennom åra



Trygderetten sin leiar
Knut Brofoss




utvikla fleire instrument for å ivareta dette formålet, mellom anna den såkalla Rettskildehjelpen, som òg vert publisert på nettstaden vår. Den inneheld sentrale orskurdar frå Trygderetten og dommar frå dei ordinære domstolane på dei enkelte rettsområda. I 2006 vart det satt ned eit Kvalitetsutvalg med sikte på å samordne ulike kvalitetsutviklingstiltak, og å utvikle nye.

Vi hadde håpa at vi i løpet av året skulle kunne legge vår nettstad til rette for søkeleg fulltekstpublisering av våre fullt grunngitte orskurdar. Dette vart av tekniske grunnar forseinka, men dei nye nettsidene var på plass medio april 2007. I dag vert også dei fullt grunngitte orskurdane overført til betalingsngstenesta til Lovdata

2. Organisasjon

Faste medarbeidarar pr. 01.03.2007



Ny organisasjon med inndeling i avdelingar vart etablert pr. 1. september 1997 og forutsatte ein stillingsplan på 63 årsverk. Organisasjonsplanen vart gradvis gjennomført i løpet av 1998, og vart tatt fullt ut i bruk i 1999. Grunna sterk auke i saksinngangen frå 1999 er talet på årsverk auka noko, men redusert igjen i løpet av 2006 fordi saksinngangen har gått ned. Totalt tal årsverk utgjer pr. mars 2007 om lag 67 årsverk, om vi reknar med dei fire som arbeider deltid på pensjonistvilkår. Desse er ikkje tatt med i organisasjonskartet ovanfor.

Trygderetten har no, i tillegg til leiaren, ein nestleiar og 24 andre faste medlem. I tillegg har han 12 rettsfullmektigar. Leiaren, nestleiar og minst eitt anna medlem skal fylle vilkåra for å vere høgsterettsdommar. Rettsmedlemmane er embetsmenn og vert til vanleg kalla trygderettsdommarar. Trygderetten har juridiske, medisinske og attføringskyndige rettsmedlem. Rettsfullmektigane svarar til dommarfullmektigane i dei ordinære domstolane. Trygderetten utfører administrative oppgåver for to mindre nemnder, Statens helsepersonellnemnd og Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet.



3. Formål og hovudprioriteringar

Trygderetten skal treffe vedtak om individuelle rettar og plikter etter lov om folketrygd m.fl. Elles skal Trygderetten behandle dei sakene som etter særleg lovregel høyrer under Trygderetten, sjå lov om anke til Trygderetten av 16. desember 1966 nr. 9.

Trygderetten er ikkje ein del av det alminnelege domstolsapparatet, men fungerer i realiteten som ein domstol. Mange av saksbehandlingsreglane er dei same som i vanleg rettargang. Men til skilnad frå domstolane er saksbehandlingsa i Trygderetten skriftleg i det store fleirtalet av sakene.

I den einskilde sak kan Trygderetten ikkje instruerast av noko anna organ om avgjerda. Domstolsbehandling av Trygderetten sine avgjerder skal skje ved lagmannsretten som fyrste instans. Slik overprøving skjer sjeldan, sjølv om det har vore ei auka i dei seinaste åra. Trygderetten er dermed i all hovudsak siste instans for saker etter pensjons- og trygdelovgjevinga. Dette er saker av stor velferdsmessig tyding for den einskilde. Trygderetten er difor ein svært viktig institusjon i sosialpolitisk samanheng.

I St.prp. nr. 1 (2005-2006) er Trygderetten sine hovudmål skissert på følgande måte:

- Avseie orskurdar som er i samsvar med dei lover og reglar som gjeld.
- Behandle og avgjere sakene på ein slik måte at det oppfyller dei vilkår til behandling som er stilt i lov om anke til Trygderetten.

- Avseie orskurdar som er retningsgjevande for trygdeforvaltninga og andre rettsbrukarar innanfor trygde- og pensjonsretten sitt område.
- Avgjere sakene med ei forsvarleg saksbehandlingstid.
- Behandle og avgjere sakene på ein måte som gir tillit både hos den ankande parten og hos ankemotparten.

Hovudsatsingsområdet vart skildra slik:

- 70 prosent av sakene skal vere behandla innan seks månader.
- Gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal ikkje overstige fem månader.
- Ingen saker skal vere eldre enn 12 månader.
- Delen av fullstendig grunngitte orskurdar skal vere minst 55 prosent.
- Forsøk med innslag av muntlegheit i saksbehandlingsa skal vidareførast.
- Det skal gjennomførast tiltak for kvalitetssikring og praksiskoordinering, herunder utforming av orskurdar.

Tildelingsbrevet frå departementet og Trygderetten sin interne verksemdsplan konkretiserer målsetjinga ytterlegare. Årsmeldinga gir ei vurdering av måloppnåing i høve departementet sine krav, i tillegg til hovudmål og eit utval av delmål frå verksemdsplanen.

**Riktige avgjerder
innan forsvarleg tid**

4. Saksutvikling i 2006


4.1 Mottekne og behandla saker

På slutten av nittitalet gjekk saksinngangen til Trygderetten sterkt opp, med ein førebels topp i 2001 med over 6000 saker. Saksmengda minka noko i 2002, men gjekk opp att til 5995 saker i 2003. Frå 2004 har saksinngangen gått monaleg ned, til 5280 saker det året, vidare til 4121 saker i 2005 og 4054 saker i 2006.

Nedgangen har i all hovudsak kome på utføreområdet. Frå å ha utgjort om lag 50 prosent av sakene i 2003, er delen av utføresaker no berre om lag 30 prosent. Dette medfører at så å seie heile reduksjonen i saksmengda frå 2003 til 2006 skuldast reduksjonen i talet på utføresaker.

Innføringa av tidsavgrensa utførestønad frå 1. januar 2004 og moglegheiten til å klage ein gong i etaten før ein eventuell anke til Trygderetten, samt at inngangsvilkåra for denne ytinga er noko lempelegare enn for ordinær utførespensjon, kan vere noko av forklaringa på nedgangen. Det er òg mogleg at omorganiseringa av arbeidet med klage- og ankesaker i NAV kan ha hatt ein viss effekt. Trygderetten mottok jamleg statistikk frå NAV over mellom anna restansesituasjonen i klage- og anke-regionane. Denne statistikken er verdifull i arbeidet med å lage prognoser over framtidig saksinngang.

Mottekne og behandla saker



Ved utgangen av 2006 hadde Trygderetten i alt 1185 ubehandla saker, mot 1406 ved utgangen av 2005 og 1902 ved utgangen av 2004. Restansetala har gått ned kvart år sidan 2003 og har vorte redusert med over 1200 saker. Restansetalet ved utgangen av 2006 er det lågaste på over 20 år.

Med unntak av 3 saker er alle sakene frå 2006.

På 2000-talet har gjennomsnittleg saksbehandlingstid vist ein aukande tendens. Det skuldast særleg to omstende. Talet på innkomne saker har gått opp. Samstundes har det vore eit uttala mål å auke delen av fullt grunngitte orskurdar. Arbeidet med slike orskurdar er naturleg nok meir tidkrevjande enn orskurdar utan full grunngeving. Også i 2005 auka denne delen. Trygderetten si gjennomsnittlege saksbehandlingstid for avgjorte saker har likevel gått ned med nesten to veker, og var på om lag 4 månader og 3 veker.

I 2006 vart 70 prosent av sakene avgjort innan seks månader.


I 2006 vart 15 saker over 12 månader gamle før dei vart avgjort. Målet er at ingen saker skal bli så gamle. Tilsvarende tal i 2005 var 59 saker.

I 2006 avsa Trygderetten 4 301 orskurdar.


Trygderetten mottok i 2006 til saman 4 054 saker.

Mottekne saker	4 054
Behandla saker	4 301
Ubehandla saker pr. 31.12	1 185

Til behandling pr. 31.12



Gjennomsnittleg saksbehandlingstid



4.2 Oversyn over sakstypar i 2006


Saker om uføreytingar utgjorde i 2006 om lag 32 prosent av den totale saksmengda, og er det klart største saksområdet. Delen er likevel vesentleg lågare enn for nokre år tilbake, då området utgjorde om lag 50 prosent av saksinngangen.

Dei andre sakstypene har helde seg temmeleg stabilt på i underkant av 3000 saker pr. år. Relativt sett har altså ytingar av dei andre saksområda auka.

Ytingar under medisinsk rehabilitering, det vil seie rehabiliteringspengar, stønad til tekniske hjelpemiddel og bil, utgjer den nest største gruppa med drygt 12 prosent av totalen, tett følgt av yrkesskade/ yrkessjukdom med i underkant av 12 prosent av den totale saksinngangen.

Dagpengesakene og ytingar under yrkesretta attføring har relativt sett auka ganske markant dei siste åra, og med unntak av det siste året har det også vore ei absolutt auke av desse sakstypene dei siste åra. Områda utgjer framleis berre om lag 8 prosent av den totale saksinngangen.

Innkomne saker 2003–2006 fordelt på sakstypar




4.3 Avgjorte saker fordelt på fullt grunngitte orskurdar og orskurdar med forenkla grunngeving

Lova sin hovudregel er at Trygderetten sine orskurdar skal grunnjevast. Viss retten samrøystes kjem til at anka ikkje kan føre fram, og retten meiner orskurden ikkje vil få verdi utanom den føreliggande saka, var det til 1. januar 2004 heimel i lova for at retten kunne la vere å gje grunngeving. Høvet til dette er frå same dato oppheva og erstatta med høve til å gje forenkla grunngeving. Dermed skal det gjevast ei grunngeving i alle saker, anten forenkla eller full grunngeving. Alle saker som vert avsagt til fordel for den ankande parten, skal ha full grunngeving.

Trygderetten si viktigaste oppgåve er å treffe avgjerder i enkeltsaker. Men det er òg eit mål å søke å trekke opp retningslinjer for framtidig praksis.

Del orskurdar med full grunngeving



Monaleg auke i delen av orskurdar med full grunngeving – frå 25 prosent i 1999 til 61 prosent i 2006.


4.4 Resultatet av ankebehand- linga

Trygderetten si behandling av eit vedtak kan få tre utfall. Vedtaket kan stadfestast, eller Trygderetten kan gjere om vedtaket, heilt eller for ein del av vedtaket. Det medfører at Trygderetten sjølv gjer realitetsvedtak i saka. Det tredje alternativet er at Trygderetten kan oppheve vedtaket og heimvise saka til ny behandling i vedkomande etat, såkalla heimsending. Det siste skjer i tilfeller der retten meiner at saka ikkje er godt nok opplyst frå forvaltninga si side.

I om lag 75 prosent av sakene vert resultatet at vedtaket vert stadfesta. Delen av omgjeringar har auka noko dei seinare åra, medan delen av opphevingar har helde seg nokså konstant i underkant av 10 prosent.

Variasjonane er store mellom dei ulike saksområda. I saker om uførepensjon, som er det klart største saksområdet, låg omgjerings- og opphevingsdelen på høvesvis 21,3 prosent og 9,9 prosent i 2005. Dette er på same nivå som året før, men markert høgare når det gjeld heil eller delvis omgjering, samanlikna med til dømes 2003, då tala var høvesvis 13,3 prosent og 9,4 prosent. Dette skuldast truleg delvis innføringa av tidsavgrensa uførestønning frå 2004, som gjorde rettstilstanden meir ustabil. I tillegg har Trygderetten inntrykk av at nedgangen i talet uføresaker som vert påanka har ført til ei avskaling av dei enklaste og mest ukompliserte sakene. I yrkesskadesaker vart 14,8 prosent av vedtaka gjort om, og 6,6 prosent vart oppheva. Det svarar om lag til gjennomsnittet dei seinare åra.

Hel og delvis omgjering - oppheving



Saker som vert avgjort til fordel for søkeren kan berre avgjerast ved fullt grunnlagt orskurd.

17,3 prosent av sakene vart heilt eller delvis omgjort i 2006. 7,1 prosent av sakene vart oppheva og heimvist til ny behandling.

5. Måloppnåing i 2006

5.1 Kvalitetsmål

- **Sentrale kvalitetsmål i 2006 har vore knytte til:**
- **Delen av orskurdar med full grunngeving.**
- **Å avseie retningsgjevande og prinsipielle orskurdar.**
- **Kvalitetssikring og praksiskoordinering.**

Frå 1. januar 2004 vart trygderettslova § 21 tredje ledd endra frå eit høve til å avseie orskurdar *utan grunngeving* til eit høve til å avseie orskurd med *forenkla grunngeving*.

Delen av orskurdar med full grunngeving har auka mykje dei siste åra. I 2001 utgjorde delen av grunngitte orskurdar 27,5 prosent. Denne delen auka i 40,7 prosent i 2003, vidare til nesten 50 prosent i 2004 og enda i 2006 på 61 prosent. I dei resterande sakene vert det gitt ei forenkla grunngeving. Alle som har hatt ei ankesak i Trygderetten får dermed ein grunnitt orskurd, dei fleste i form av ein orskurd med fullstendig grunngeving og dei resterande i form av ein orskurd med forenkla grunngeving. Slik forenkla grunngeving vert nytta i ankesaker der retten samrøystes finn at anken ikkje kan føre fram, og der saka ikkje har konsekvensar ut over den konkrete sak. Alle saker som vert gjort om til fordel for den ankande parten har full grunngeving.

Trygderetten har i 2006 gjennomført tiltak for å utvikle kvaliteten og koordinere praksis:

- Dommar frå lagmannsrettane og Høgsterett på trygde- og pensjonsområdet vert gjennomgått både på leiarmøte og dei einskilde avdelingane.
- Arbeidet med å finne og systematisere orskurdar som oppsummerar praksis på ein god måte har vorte vidareført med nye områder, og gamle områder har vorte supplert med ytterlegare orskurdar.
- Det er avsagt nokre prinsipielle orskurdar (der retten har vore satt med fem medlemmer), der siktemålet både er å koordinere eigen praksis, men òg å vere retningsgjevande for forvaltninga.
- Internavisa "Innblikk", som inneheld orskurdar av allmenn og/ eller prinsipiell interesse, har vorte utgitt med fem utgåver.
- Det har vorte oppretta eit eige kvalitetsutval som mellom skal ta initiativ til gjennomføring av praksisundersøkingar.
- Nytilsette får systematisk opplæring i bruk av rettskjelder.

Trygderetten arbeider medvite med å auke effektiviteten og kvaliteten på den interne drifta, utan at det går ut over framdrifta i arbeidet med å avgjere sakene. I 2006 har Trygderetten hatt fokus på ei mest mogleg optimal ressursfordeling mellom avdelingane. Det vert satsa på å ha ein god og oppdatert tilgang på relevante rettskjelder, mellom anna vert vår eiga doms- og orskurdsamling løpande oppdatert. Vår eiga samling av relevant faglitteratur vert forsøkt helde mest mogleg oppdatert.

Trygdesaker for dei alminnelege domstolane
Begge partar har høve til å få prøvd Trygderetten si avgjerd i lagmannsretten dersom dei ikkje er nøgde med resultatet i saka. Med få unntak er den berre den private parten som tek saka inn for lagmannsretten. Talet saker som vert tatt inn for lagmannsretten auka markant i 2001, då om lag 90 orskurdar frå Trygderetten vart påanka. Fram til og med 2005 auka

talet noko. I 2006 gjekk talet ned, i det Trygderetten har fått melding om at vart tatt ut stevning i 75 saker.

Av dei sakene som vart brakt inn for lagmannsrettane, gjaldt om lag 32 prosent uførepensjon eller tidsavgrensa uførestønad. Yrkesskadesakene utgjorde om lag 24 prosent, medan saker om garantert tilleggspensjon til unge uføre utgjorde om lag 15 prosent. Det vart i 2006 avsagt dom i 54 saker, og staten vart frifunnen i 42 av desse. I 12 saker vart Trygderetten sin orskurd kjent ugyldig. Trygderetten er vidare kjent med at lagmannsrettane i 2006 avsa 58 *orskurdar* i saker som tidlegare var avgjort i Trygderetten. Det kan nemnast at 23 saker vart heva etter at saksøkkaren trakk saka, medan 27 saker vart heva etter at trygdeetaten hadde omgjort vedtaket til gunst for saksøkkaren.

Det har til no vore svært få trygdesaker som har vorte behandla av Høgsterett. Men i 2006 vart heile fire dommar avsagt. I tre av sakene kom Høgsterett til eit anna resultat i rettsbruken. Trygderetten sin orskurd vart difor kjent ugyldig. I den siste saka vart staten frifunnen. 13 anker vart behandla av Høgsterett sitt kjæremålsutval i 2006, og av desse vart fem saker vist til behandling av Høgsterett.

Det kan vanskelig lesast ut frå avgjerdene frå domstolane at Trygderetten sine orskurdar ikkje held tilfredsstillande kvalitet. Lagmannsrettane er i svært få saker usamd i Trygderetten si lovforståing, men har i enkelte saker vurdert den konkrete rettsbruken annleis enn Trygderetten. Det kan ha samband med at det for lagmannsretten er lagt fram nye opplysningar, samt at lagmannsretten dels har utvist eit noko meir liberalt skjønn.

Alt i alt vert Trygderetten sin orskurd den endelege avgjerda i meir enn 97 prosent av dei sakene Trygderetten avgjer. Trygderetten følger utviklinga i saker for lagmannsrettane og deira avgjerder nøye, og vurderer løpande eventuelle konsekvensar for praksis og saksbehandling.

5.2 Produksjonsmål

- **I 2006 var målet at**
- **Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida ikkje skal overstige fem månader.**
- **70 prosent av sakene skal avgjerast innan seks månader.**
- **Ingen saker skal bli over 12 månader.**

For saker som vart avgjort i 2006, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida 4 månader. Dette er klart betre enn målet i tildelingsbrevet, og ei betring i høve 2005, då tilsvarande tal var 4,8 månader. Målsetjinga om av 70 prosent av sakene skulle vere ferdigbehandla innan seks månader vart også oppfylt. Talet for 2006 viser at 79 prosent av sakene vart avgjort innan seks månader. Tilsvarande tal året før var 70 prosent.

I 2006 var 15 saker eldre enn 12 månader då dei vart avgjort. Målet er at ingen saker skal bli så gamle. I 2005 var 59 saker over 12 månader gamle då dei vart avgjort, noko som var ei klar betring i høve åra før. I nokre av dei 15 sakene var det omstende i saka som var grunnen til den lange saksbehandlingstida. Det kan til dømes vere at den ankande parten har bede om at saka ikkje vert avgjort før ein ny legeattest eller andre nye opplysningar har blitt lagt fram. I nokre tilfelle kan det vere

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker avgjort i 2006 var 4 månader. Det er ei betring med om lag tre veker, samanlikna med 2005.

tale om at Trygderetten sjølv har sett det naudsynt å innhente nye opplysningar. Arbeidet med å prioritere saksbehandlingstid held fram i 2007.

For uføreytingar, som utgjer om lag 30 prosent av sakene, var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 4,1 månader. Ingen sakstypar hadde i 2006 ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid som var høgare enn 6 månader.

5.3 Helse, miljø og tryggleik og annan personalpolitikk

Trygderetten si målsetjing er å ha eit fagleg kompetent og motivert personale som vert gitt moglegheit til utvikling og oppbygging av eigen kompetanse. Det leggast vekt på helse, miljø og tryggleiksarbeid.

Av sentrale aktivitetar i 2006 kan følgjande nemnast:

- Trygderetten vart IA-verksemd. Avtalen vart følgt opp i løpet av året.
- Alle tilsette kan nytte trimrommet to gonger kvar veke i arbeidstida (45 minutt kvar gong). Ein gong i veka er instruktør til stades.
- Tiltak på brannvernssida har blitt følgt opp med mellom anna brannøving og inspeksjon frå brannvesenet.
- Arbeidet med å legge til rette for ein livsfaseorientert personalpolitikk er vidareført.
- Trygderetten har i dag lokale som er tilrettelagt for funksjonshemma.
- Alle tilsette vert oppfordra til fagleg påfyll i form av kurs og seminarverksemd. Dei fleste avdelingane har arrangert internseminar i løpet av året.

- Ei eiga bibliotekgruppe ivaretar trongen for å skaffe relevant faglitteratur.

Det er helde møter med dei tillitsvalde og med arbeidsmiljøutvalet etter fastsett møteplan.

5.3 Informasjon

Trygderetten si målsetjing er at det skal gjevast god, konsistent og tilstrekkeleg informasjon om Trygderetten si verksemd og avgjerder.

Trygderetten gir om lag kvartalsvis ut "Innblikk" – ei eiga elektronisk avis på nettstaden www.trygderetten.no. "Innblikk" inneheld samandrag av orskurdar av allmenn eller prinsipiell interesse. Advokatar, ankemotpartar, media og andre interesserte kan teikne gratis abonnement på "Innblikk", og få elektronisk varsel når ny utgåve ligg føre. Interesse for dette tilbodet har vore stor.

I 2006 vart arbeidet med ein ny nettstad for Trygderetten vidareført. Ei stor nyvinning med denne vil vere at alle anonymiserte orskurdar vil bli lagt ut med moglegheit for å søke i sakene. Den nye nettstaden vil vere klar i løpet av våren 2007.

Det vert arbeidd kontinuerleg med å betre den interne informasjonen.

Elektronisk varsel når ny utgåve av avisa "Innblikk" ligg føre.

6. Likestilling

Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal behandlast uavhengig av kjønn. Ved nyttilsetjingar vert det lagt vekt på å stillingsutlysingane skal streke under at begge kjønn vert oppfordra til å søke, eventuelt at det kjønn som er i mindretal i aktuelle stillingskategori vert særskilt oppfordra til å søke.

I dag har Trygderetten i alt om lag 59 prosent kvinner og om lag 41 prosent menn. I leiargruppa er det fire menn og to kvinner. Det er 60 prosent menn og 40 prosent kvinner mellom rettsmedlemma. Mellom rettsfullmektigane er delen kvinner og menn høvesvis 33 prosent og 66 prosent.

Av det øvrige personalet (økonomi, personal, arkiv, IT, kontortjenester med meir) er det 80 prosent kvinner og 20 prosent menn. Det ligg ei klar utfordring i å få fleire menn i denne stillingskategorien, men det er ein klar overvekt av kvinner som søker slike stillingar.

Lønnsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane er det same for kvinner og menn og alle har same arbeidstid. Det er ein høgare del kvinner enn menn som er deltidstilsett, men delen totalt sett er liten.



7. Blikk på saksbunken

Trygderetten avsa i 4 301 orskurdar i 2006. Av desse var 2 609 fullt grunn-gitte. Vi har i det følgande plukka ut og gitt eit samandrag av 23 saker. Alle orskurdar der retten var satt med fem medlem er tatt med. Dei andre sakene kan ha ei viss prinsipiell interesse, i tillegg til at dei er døme på kva sakstypar Trygderetten behandlar.

Retten satt med fem medlemmer

Dagpenger - tap av arbeidsinntekt

Kjennelse av 5. mai 2006. Ankesak nr. 05/2677 ftrl. § 4-3. Dagpenger - tap av arbeidsinntekt (§ 4-10 - forlenget ventetid). Rettigheter ved oppsigelse i arbeidsforhold - avtale om kortere oppsigelsestid enn den lovbestemte. Ikke ansett foreligge rett til dagpenger i den tiden arbeidstaker kunne hatt arbeidsinntekt ved fullt ut å utnytte retten til å arbeide i lovbestemt oppsigelsestid. "Femmedlemskjennelse."

Et flertall mente at rett til dagpenger først foreligger etter at lovbestemt oppsigelsestid er utløpt: I denne tiden har arbeidstakeren krav på lønn på samme måte som under resten av arbeidsforholdet. Dette kravet var ikke avhengig av at det faktisk ble krevd utført arbeid. I kraft av avtale om kortere oppsigelsestid hadde partene gjensidig frafalt rettigheter og plikter. Det måtte da anses foreligge fraskrivelse av lønnskrav. Av Ot.prp. nr. 11 (1987-88), som lå til grunn for endring slik at bestemmelsen i tidligere folketrygdlov fikk samme innhold som gjeldende § 4-3, fulgte at endringen tok sikte på å klargjøre at fraskrivelse av lønnskrav innebar tap av rett til dagpenger. Det at rett til dagpenger - som i denne saken - i slike tilfelle ofte først ville foreligge etter for-

lenget ventetid ga ikke grunnlag for et annet resultat.

Dagpenger - utdanning

Kjennelse av 7. april 2006. Ankesak nr. 05/2962. ftrl. § 4-6. Dagpenger - utdanning, opplæring, etablering av egen virksomhet. Selv om vilkåret om å være "reell arbeidssøker", jfr. ftrl § 4-5, er oppfylte, forutsetter rett til dagpenger under utdanning at særlige vilkår i § 4-6, jfr. § 4-2 i dagpengeforskriften foreligger. "Femmedlemskjennelse."

Vedtak om plikt til å tilbakebetale dagpenger ble stadfestet: Deltidstudent hadde fått godkjent et opplegg med redusert studieprogresjon - 10 studiepoeng i vårsemesteret - meldte seg ledig, og ble tilstått dagpenger. Det var ikke avgjørende at vedkommende kunne ta deltidsstudium ved siden av arbeid. I utgangspunktet var rett til dagpenger uforenlig med det å være under utdanning. Vedkommende var ikke i en av de unntakssituasjonene som var beskrevet i dagpengeforskriften. Det var ikke grunnlag for en praksis om å legge avgjørende vekt på om en dagpengemottaker i en utdanningssituasjon kunne anses som reell arbeidssøker. Vedk. hadde ellers ikke opplyst Aetat om utdanningen. I saken måtte dette anses som uaktsomt, og retten mente at vilkårene for tilbakebetaling forelå.

Dagpenger - meldeplikt og møteplikt

Kjennelse av 3. februar 2006. ankesak nr. 05/1291. ftrl § 4-8.

Dagpenger - meldeplikt og møteplikt. Ved forsinket innsending av meldekort faller retten til dagpenger

bort fra siste tidspunkt for rettidig innsending. Rett til dagpenger etter forsinket innsending forutsetter personlig oppmøte ved kontor for Aetat. "Femmedlemskjennelse".

Dagpenger - 5 medlemskjennelse - Dissens. For sent innsendt meldekort. Reaktivering etter stans. Ftrl § 4-8, sysselsettingsloven § 32, jf forskrift 30.04.1997 nr. 388. Stadfestelse. Kvinne som mottok dagpenger, sendte meldekort for sent, og dagpengene ble stanset. Hun fikk dagpenger på ny etter personlig oppmøte hos Aetat. Om melding ble sendt i rett tid er et bevis-spørsmål, hvor dagpengemottaker har bevisbyrden og må sannsynliggjøre at meldekort er sendt i rett tid. Dette hadde hun ikke gjort. Retten var enig i at dagpengene skulle stanses fra den dagen hun skulle ha meldt seg og at dette fulgte direkte av loven. Retten delte seg i synet på reaktivering etter stans av dagpenger. Flertallet fant støtte i forarbeider og forhistorie at reaktivering etter stans forutsatte personlig fremmøte hos Aetat. Mindretallet mente det ikke var rettslig grunnlag for å stille generelt krav om dette, og at innsending av nye meldekort i rett tid var tilstrekkelig til å bli reaktivert.

Nedenfor har vi tatt med sammen- drag fra 20 kjennelser der retten har vært satt med 2 eller 3 medlemmer. Kapittelhenvisningene er i hovedsak til folketrygdloven (ftrl.)

Kapittel 2 - Medlemskap

Kjennelse av 24. november 2006. ankesak nr. 06/818. ftrl § 2-8, Medlemskap- frivillig medlemskap for personer utenfor Norge. Rett

ikke ansett foreligge ved opphold utenlands av mer enn et års varighet grunnet helsemessige forhold.

